

# Foreldremøte 10.9.2013

## Felles for 5. og 6. klasse:

### Orientering av fellesfag:

- Ein vellukka tur til Kvalvågneset i august. Bilete vart vist.
- På heimesida [www.mykingskule.no](http://www.mykingskule.no) er det lagt ut mykje informasjon om skulen og kva som skjer. Ein finn også ulike skjema på denne sida. Sjekk den !!
- **RLE:** torsdagar har elevane lese om tema ein har og undervisninga vert lagt opp til at dei skal vera aktive, ta standpunkt og meina noko om ulike tema dei tek opp.
- **Samfunnsfag:**
  - a. Valet har vore eit tema i haust. Dei har hatt avstemming i klassen på ulike parti.
  - b. BISON vert brukt før ein startar på nytt tema, ein måte Zeppelin har lagt opp til før ein startar eit nytt tema. (sjekk Zeppelin om du vil veta meir om BISON).
  - c. Det har vore forska på fisk, makk og skrukketroll.
  - d. Elevane må øva på å LESA INSTRUKSJONAR. Dette gjeld i alle fag. Etter kvart som oppgåvene blir meir kompliserte, vert det viktig å kunna lesa oppgåva godt før ein går i gong.
  - e. Andre tema før jul: «Landskapet blir forandra» og «kroppen».
  - f. Dei kjem til å få prøvar, med spørsmål gitt på førehand, veksla mellom litt opne spørsmål, der dei må tenkja sjølv, og enklare spørsmål med meir «fasitsvar».
  - g. Data: fokus er touch-metoden. Dette skal dei bli gode på!!
- **Gymformal:** terpeøving i aktivitet, med konkurransar, samarbeids- og refleksjonsoppgåver. Oppgåvene går på bl.a: vokalar, konsonantar, engelske glosar, matteoppgåver. Ingen blyant ☺.
- **Gym:** alle skal ha **INNESKO**. Haust og vår må elevane ha kle til å vera ute.
- **Musikkgrupper:** Ukulele – gitar – blokkfløyte. Dei skal gjennom eit stort pensum med notelære. Dette gjer skulen ved å la dei få starta med eit instrument.
- **Kunst og Handverk:** jobbar i ulike grupper. Akkurat no lagar dei ostehøvlar ☺. Må ut i naturen og henta materiale ☺.
- **Aktivitetskalendar** finn de på heimesida.
- **Konferansetimar** vert 23. og 24. september for Jānne Kari og tysdag 24.9 for Bjørghild.
- **Foreldrerådsmøte** i haust. TEMA ER LEKSER. Kafe-modell (vi går på ulike stasjonar og tek stilling til ulike spørsmål ang. tema).
- **Prosjektveke veke 40:** Tema er LEIKAR. Aldersblanda grupper, ulike stasjonar.
- **Juleavslutning** tysdag 17.12.
- **FAIR-PLAY cup:** fotballcup elevane skal vera med å arrangera. Satsar på å få med fleire skular. Gjennomført på Lindås.
- **Vaksne skaper vennskap:** Foreldra har ei viktig rolle. Videoar ligg på youtube.com. Søk på: Vennskap mot mobbing. Våg å sei frå som vaksne!!

Avslutta med gymformal i gymsalen. Kjekt å ta del på dette ☺.

Eit kjekt og informativt foreldremøte ☺.